



Heimesida har vore i funksjon i 3 veker allereie

Fredag 15. juni vert Uskedalselva opna for fiske og forventningane er store. I 2011-sesongen vart det notert ein imponerande fangstrekord med nesten 1,4 tonn fanga laks og sjøaure og no spørst det korleis det går i år. Elveeigarlaget er i alle fall godt rusta foran den nye sesongen, ikkje minst fordi laget har fått si eiga heimeside som vil få ein viktig funksjon  
Du får ho opp ved å klikka i spalten til venstre for det du no les Sida har allereie vore opne ein 3 vekers tid



Ivar Kåre Døssland med fisk på 8,9 kilo, størst i 2010-sesongen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er Frode Stensletten som har laga sida og gjeve ho ein god start. No er det ikkje minst opp til fiskarane sjølve å fylla ho med spennande stoff og viktig informasjon om ei av få elvar i området som framleis er ope og som vert det fram til 1. september.

Mykje av den grunnleggjande informasjonen er allereie på plass. Det gjeld til dømes ein presentasjon av elva gjennom foto frå eit fugleperspektiv. Fiskereglane er sjølv sagt på plass og minnar mellom anna om at inløpet til Gravehølen blir stengt i denne sesongen.

Kjøp av fiskekort kan berre skje på SPAR dette året og prisane bør ikkje skemma nokon samanlikna med andre stader. Dei er 250 kroner for eit døgn og 1100 kroner for heile sesongen.

Laget har ei viktig oppmoding til fiskarane om at dei skal registrera seg på sida og at dei skal rapportera inn fangstane sine. Det er viktig med tanke på det viktige arbeidet som vert gjort med forvaltninga av vassdraget. Det er også 2 andre moglegheiter for rapportering: På tavla ved brua og bak på fiskekortet.

At elveigarlaget har fått ny heimeside tyder slett ikkje at uskedalen.no skal slutta med å bringa stoff om elva og fisket. Her finn ein mykje spennande stoff, som også vi skal halda fram med å formidla. Vi ser fram til eit godt samarbeid mellom dei to nettsidene.

Av Ola Matti Mathisen